

ÅRSMELDING

For Herdla kyrkjelyd

2018

1



Biskop Halvor Nordhaug har utforma ein visjon for Bjørgvin bispedøme
Den lyder slik:

**”Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”**

Årsmelding for Herdla kyrkjelyd 2018

Herdla sokneråd har hatt følgjande samansetning i 2018:

Leiar:	Kjellaug Fauskanger Eidsaa
Nestleiar/medlem i fellesråd:	Kjell Lyder Berland
Skrivar:	Reidun Håpoldøy
Kasserar:	Ivar Eidsaa
Medlem:	Einy Daviknes
Medlem:	Solfrid Kongshaug Aase

Varamedlem:

1.vara:	Gunnvor Eggebø Ness
2.vara:	Bente Sture Breivik
3.vara:	Geir Kvinge

Nina Osberg Fauskanger har fortsatt permisjon frå soknerådet.

Dette året 2018 har Herdla sokneråd hatt 11 møter og behandla 99 saker i tillegg til diverse meldingar. Sakene går som tidlegare år ofte ut på å planleggje gudstenestene, plassere særskilte gudstenester som 4- og 6-års gudstenester, 50 års konfirmantjubileum, tårnagenthelg, medarbeidarfest, lysmesse og anna. Vi får mange offersøknadar og vi må finna ut kven som skal tildelast takkeoffer.

I samarbeid med organisten har vi fått med ein del song og musikkrefter på ein skilde gudstenester.

Vidare planla vi fasteaksjonen. I 2018 hadde vi gudsteneste med middag etterpå i kyrkjelydshuset 2.pinsedag.

Gudstenestedeltakinga :

Som tidlegare år går soknerådet gjennom gudstenestene vi har hatt sidan siste møte, evaluerer dei, og planlegg vidare gudstenester saman med soknepresten. Det er positivt med innslag av song og musikk i gudstenestene.

Etter dei fleste gudstenestene har vi hatt kyrkjekaffi bak i kyrkja. Sjølv om det manglar mykje både av utstyr og plass bak i kyrkja, verkar det som om kyrkjefolket tykkjer det er kjekt å stoppa litt, prate med kvarandre, og drikka ein kopp kaffi/te med litt å bita i. Det er svært greitt med gudstenesteteam, noe som letta arbeidet i soknerådet. Blant anna er det teama som har ansvar for kyrkjekaffi etter gudstenesta. Vi ønskjer fleire med i team. Oppmøtet til gudstenestene kan variere ein del. Når det er dåp eller tårnagenthelg/lys vaken /evt.familiegudsteneste, er det mange i kyrkja. Ved vanlege gudstenester er det ofte få personar til stades.

For dei som ikkje kan kome til kyrkja med eiga hjelp, er det oppretta kyrkjeskys. Kjell L. Berland (95131584) har sagt seg villig til å vere sentral for formidling av skys til kyrkja. (Det bør koma tydeleg fram i informasjonen i AMEN og info-heftet til kyrkjene i Askøy kven som har kyrkjeskys i dei ulike sokna.)

Sjå nøkkeltal frå statistikken 2018 på eige ark.

Arrangement i Herdla kyrkjelyd:

Det har vore gudstenester i kyrkjelyden. Utanom vanlege gudstenester, hadde vi:

- Fastegudsteneste m/nattverd ein onsdagskveld i fastetida.
- Gudsteneste skjærtorsdag med kveldsmåltid i kyrkjelydshuset etterpå.
- Konfirmasjonsgudstenester. I 2018 var det to konfirmasjonsgudstenester i Herdla kyrkje, ei kl.10.30 og ei kl.12.30. Ian Bjørsvik bidrog med vakker solosang under begge gudstenestene.
- 6-års gudsteneste med utdeling av bok.
- Gudsteneste med innskriving av dei nye konfirmantane.
- 50 års konfirmantmarkering med gudsteneste og fest i kyrkjelydshuset etterpå.
- Gudsteneste allehelgensdag. Her vart alle nære pårørande etter dei som har gått bort, spesielt inviterte. Dei som har gått bort vart minna, og det vart tent eit lys for kvar einskild. I 2018 var 19 personar gravlagt frå Herdla kyrkje.
- 4-års gudsteneste med utdeling av bok.
- Lysmesse med presentasjon av nye konfirmantar.
Også i år hadde vi lysmesse etter gammal tradisjon ved presentasjon av konfirmantane.
Dette var ei svært stemningsfull gudsteneste der alle konfirmantane var deltakarar med lysbæring, tekstlesing, tenning av den sjuarma lysestaken og tenning av adventskransen. Stor takk til organisten, frivillige og klokkar Rune Øystese, som stod for innøving. Vi får mange positive tilbakemeldingar på dette arrangementet i år også.
- Familiegudsteneste julaftan.
- Høgtidsgudsteneste 2. juledag.
- Gudsteneste med nattverd på Fromreide eldresenter ein gong i månaden med kaffi og noko attåt. I 2018 var det 10 gudstenester på eldresenteret. 2 gudstenester i Herdla kyrkje.
- Eigen KN-gudsteneste.
- Skaparverkets dag.
- Sjøvegs kyrkjereis 2.september i samarbeid med Kystsogevekene.

Andre arrangement:

- Fasteaksjon der konfirmantane er bøssebærarar for Kirkens Nødhjelp.
Tirsdag før palmesøndag gjekk dei frå dør til dør og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Her gjorde dei ein stor innsats og samla inn **kr 30.786** til KN.
- Sommarbasar i kyrkjelydshuset.
- Open kyrkje kvar søndag ettermiddag i juli, frå 15.00-18.00.
- Markering av årsdagar. Dette året var det ingen 90-årsjubilarar som fekk blomsterhelsing i Herdla sokn.
- Konfirmantane deltok i mange av gudstenestene. Med tekstlesing, inngangsprosesjon og lystenning under dåpen.
- Vi hadde ingen medarbeidarfest om våren, fordi det var altfor få påmelde innan fristen.
- Pilgrimsvandring frå Fromreide til Herdla.

Organist i Herdla kyrkje.

Organist Marija Bernotaite, som vart tilsett som ny organist etter Terje Haugom, gjekk ut i morspermisjon i september 2018. Det har vore ulike vikarar inn i staden for henne i denne tida. Geir Kvinge har vore ein av dei som har vore med på å bidra med fin musikk under gudstenester, saman med ein organist.

Kyrkjelydshuset:

I 2018 var huset utleigt ein del, og brukt til ulike samlingar:

- Dåpsfestar
- 50-årsjubilantfest.
- Formiddagstreff.
- Konfirmasjonsfest.
- Minnesamvær etter gravferd.
- Sommarbasar.
- Konfirmantsamlingar.
- Soknerådsmøter.
- Øving Herdla barnekor.
- Askøy turlag.
- Styremøte Herdla velforening.

Herdla barnekor:

Herdla barnekor held fram. Det er eit kor for barn i alderen 4 - 10 år. Koret hadde øving annankvar tirsdag i kyrkjelydshuset fram til sommaren 2018, men frå hausten gjekk vi over til mandag. Det blei betre fram møte etter at vi øver om mandagen. Til saman mellom 10 og 15 barn møtte kvar gong til øving, av eit medlemstal på 18 (25) På øvingane er det song, andakt, leik, formingsaktivitetar og kveldsmåltid. Øvingstida er frå 17.30 -19.00.

Det er ein herleg barneflokk full av liv og songglede slik det skal vere. Koret song 3 gonger under gudsteneste i Herdla kyrkje i 2018, på haustmessa i Kleppe bedehus, på Vyborgbasar i Træet bedehus, og på julefest i Fauskanger bedehus. I adventstida hadde vi grautfest og adventssamling i kyrkja saman med 3-åringar som var spesielt inviterte.

Misjonsprosjektet:

Herdla sokneråd har i mange år hatt eit spesielt misjonsprosjekt til støtte for Leif Heggernes sitt arbeid ved ein barneheim i Dakar, Senegal. Slik også i 2018.

Han har på eige initiativ, og utan registrert misjonsorganisasjon bak, teke til seg born frå slummen i Senegal, og gitt dei ein heim å vekse opp i.

Heimen er tufta på bibelsk grunn og kristen nestekjærleik.

Herdla kyrkjelyd gir kr.2000 til arbeidet til Leif Heggernes i Senegal kvar månad.

Arbeidet framover:

Det må vere eit mål at fleire søker til Guds hus. Vi må arbeide for at familiar med born kjem til kyrkja, og kjenner seg heime her. Det er viktig at alle som kjem til Herdla kyrkje blir sett og inkludert i fellesskapet.

Difor vil vi:

- Fortsette med barnekoret , babysong og småbarnssong.(om det er nok påmelde) Dersom det er få i Herdla som vil vere med, får dei tilbud om å vere med på babysong i Tveit kyrkje. Halde fram med babysong i Ravnanger omsorgssenter.
- Halde fram med gudstenestetteam.
- Prøve å starte opp bibelgrupper.
- Halde fram med formiddagstreff.
- Halde fram med å arrangere fleire salme/songkveldar.
- Prøve å få ungdom etter konfirmasjonstida aktivisert i kristent arbeid, slik at dei kan vera med i kyrkjelydsarbeidet.
- Halde fram med misjonsprosjektet.
- Arbeide vidare med å pusse opp, eller renovere kyrkjelydshuset.
- Herdla kyrkjelyd har fått overta kyrkjelydshuset frå kommunen, men tomten må vi leige. Prisen for å leige tomten var høg, og vi jobbar derfor framleis med å få omgjort summen til ein rimelegare pris. Vi ventar framleis på svar frå Askøy kommune.
- Herdla kyrkjelyd har i 2018 halde fram med oppussing av kyrkjelydshuset. Vi har fått nye plater på veggene over brystpanelet på nordre del av salen, i same farge, Skagen, som er den same fargen som i gangen. Den eine døra frå salen og ut i gangen er blitt stengt, og det er bygd eit skap der til oppbevaring av bl.anna materiale til barnekoret.
- I 2019 står meir oppussing for tur.
- I 2018 blei konfirmantkappane på Askøy erstatta av nye. Difor har vi sett i gang sykveldear der vi syr om kappar til handlenett i ulike størrelsar til bruk når vi handlar frukt o.l. på butikken. På den måten minkar vi bruken av plast. Dette som ein del av vår grønne kyrkjelyd. Handlenetta vil bli selde på sommarbasaren, og sykveldeane held til på kyrkjelydshuset.

Årsmelding 2018, Herdla kyrkjelyd, diakonen.

Askøy hadde i 2018 - 2 diakonar. Lene Christiansen og Terje Knutsen. Lene hadde tenestestad i Herdla kyrkjelyd.

Formiddagstreffet er eit tiltak som er etterspurt og godt likt. Det var i 2018 tre formiddagstreff i halvåret med ulike tema, bevertning, loddsalg og sang/musikk. Desse arrangementa hadde god oppslutning kvar gong.

Diakonien er heilt avhengig av frivillige medarbeidarar. I Herdla hadde vi ingen person som var med i diakoniutvalg på Askøy i 2018, men det er ønskeleg.

Soknediakonen sitt arbeid på Askøy vil alltid vere ei blanding av enkelttenester i dei 5 kyrkjelydane, og tiltak som dekkjer alle kyrkjelydane på Askøy.

Årsmelding 2018 Herdla, kyrkjelydspedagogen

Trusopplæring

Vi held fram med å gje gåver til dåpsbarna. Dei får eit bilete med ei kveldsbøn og ei underlagsbrikka med bordbøn utdelt på dåpssamtalen. Ein CD med kristne barnesongar får dei som deltek på småbarnssong. Vidare får alle tilbod om 4-års bok og 6-års bok, som blir utdelt i kyrkja under ei spesiell gudsteneste.

Alle fekk tilbud om babysong i kyrkja, men sidan det var berre to påmelde, fekk dei gå saman med babyar frå Tveit. I 2018 blei babysongen flytta til Ravnanger omsorgssenter, der

babysongen gjekk inn som et program saman med dei eldre, noe som har blitt ein stor suksess.

Det er også tilbud om småbarnssong. Det var ingen påmelde i 2018.

Alle som er døypte i Herdla kyrkje får invitasjon til 1-års dåpsdag til kyrkje. Då blir barnet nemnd ved navn under gudstenesta, og bedt for under forbøna.

Vi hadde utdeling av "Mi kyrkjebok" til fireåringar på familiegudstenesta andre søndag i advent. Utdeling av 6-årsboka til våren.

Det er flott at kyrkjelyden har dåpsvertar, som er med og gjer familiarene som kjem for å døypa borna sine, eit godt møte med kyrkja.

Kyrkjelyden har ei gave til dåpsfolket, ein dåpsklut, som er laga av ei dame frå Madagaskar. Inntekta av desse klutane går til livsopphald til familien hennar.

I trusopplæringa er det viktig at borna kan ta del i arbeid som går føre seg gjennom heile skuleåret. Det er trufaste leiarar som gjer ein stor innsats i yngresarbeid, utan at dette er knytt opp til soknerådet. Mange born får her oppleva eit kristent fellesskap, både på Fauskanger og Træet bedehus. Dette er vi takksame for.

Av arbeidet som er retta mot born og ungdom, let ikkje alt seg dela i lokale einingar. Noko finn til dømes stad berre i Erdal kyrkje, av di ho ligg meir sentralt og har veileigna lokale. Likevel inviterer ein frå heile Askøy. Både babysang- speidar- og tensing-arbeidet, leiarkurs for fjorårskonfirmantar m.m. må difor sjåast som ein del av alle kyrkjelydane sitt arbeid, som alle har ansvar for å oppmuntra til, og å støtta.

G19-gudstenestene er eit døme på eit arrangement som gjeld for heile Askøy.

Det er eit ønske at vi kan få fleire faste gjevarar til ungdomsarbeidet gjennom den faste gjevartenesta som kyrkja har.

Rune Øystese er framleis vår representant i trusopplæringsutvalget.

Samarbeid heim - skule:

Både Fauskanger og Træet skule hadde Vandring gjennom Bibelen på 5.trinn. Vidare hadde 3.trinn kyrkjevandring i Herdla kyrkje frå begge skular.

Rune Øystese hadde 2 skulebesøk i Herdla kyrkje i 2018.

I 2018 var det ikkje nok påmelde til at kyrkjelyden kunne starte med dåpsskule for 1.klassingar - skuleklubb. Skuleklubben pleier å vere i Fauskanger bedehus.

**”Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”**

For Herdla sokneråd

Hjellaug Fauskanger Eidson - leiar